



Terje Larsen  
Bustølvegen 42  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2851 - 17/22773

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
14.11.2017

## Løyve til riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust på Landsvik. - gbnr 51/37.

**Administrativt vedtak. Saknr: 296/2017**

**Tiltakshavar:** Terje Larsen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### **Saksutgreiing/vurdering:**

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til riving av naust og oppføring av nytt naust på gbnr. 51/37 på Landsvik. Eigedommen er registrert med eit areal på 40 m<sup>2</sup> og Terje Larsen er registrert som eigar av eigedommen. I søknaden er det opplyst at naustet vil ha ein storleik på 29 m<sup>2</sup> BYA/BRA. Det vert vist til søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett og teikningar motteke 07.11.2017.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

#### Lov – og plangrunnlag:

Riving av naust og oppføring av naust er tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a) og e), og er søknadspliktig etter pbl § 20-2. Sidan det nye naustet skal ha bebygd areal på under 50 m<sup>2</sup>, er det eit mindre tiltak etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 3-1 bokstav a), som tiltakshavar kan søkje om på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav a).

Naustet er omsøkt plassert på område NA\_18 på kartet til arealdelen til kommuneplanen (KPA), som er sett av til framtidig naust. I følgje tab. 6 i føresegn 2.1.5 til KPA kan det førast opp 2 naust i området i planperioden. Sidan søknaden gjeldt riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust, finn administrasjonen at tiltaket ikkje er i strid med føresegn 2.1.5.

Når det gjeld utforming av naust følgjer det av føresegn 1.6.14 pkt. 7 til KPA at naust kan ha bruksareal på

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

inntil 40 m<sup>2</sup> og eit eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate, og mønehøgda kan vere inntil 5 m målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet, og altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate. Naust skal i tillegg ha saltak med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader.

Det omsøkte naustet har ein storleik på 29 m<sup>2</sup> BRA. Loftsrommet har ikkje måleverdig areal, og mønehøgda er ikkje over 5 meter målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate overstig ikkje 3% av BRA og naustet skal ha saltak. Administrasjonen finn difor at det omsøkte naustet er i samsvar med arealdelen til kommuneplanen.

#### Plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Omsøkt plassering av naustet er i samsvar med pbl § 29-4 andre ledd. Plassering kan difor godkjennast i samsvar med pbl § 29-4 tredje ledd bokstav a).

Naustet skal utformast i samsvar med vedlagte situasjonskart, samt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført 07.11.2017.

#### Planløyising og visuelle kvaliteter:

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf. pbl §§ 29-1 og 29-2.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-1 a) og e) løyve til riving av eksisterande naust og oppføring av nytt naust på gbnr. 51/37 på Landsvik, jf. søknad journalført motteke 07.11.2017. Grunngjevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonskart, plan-, snitt- og fasadeteikningar.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga eller gjennom tidlegare godkjenning.»

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
51-37

**Mottakarar:**  
Terje Larsen

Bustølvegen 42 5918

FREKHAUG